



HARAM  
KOMMUNE

# EIN LEIKANDE OG TRYGG OVERGANG BARNEHAGE - SKULE



2017

# EIN LEIKANDE OG TRYGG OVERGANG

## MELLOM BARNEHAGANE OG SKULANE



Overgangar er ein naturleg del av livet. For nokon vil det vere ei tid prega av forventning og spenning, for andre kjensler av utfordring og noko skummelt. Målet med desse føringane er å styrke samanheng og progresjon i læringsinnhaldet i overgangen mellom barnehage og skule. Ein god overgang vil innebere at borna opplever ein heilskap og samanheng i læringsinnhaldet på ein slik måte at det skaper tryggleik og meistring for borna.

Målet med føringane er:

- Å bidra til å skape samanheng og kontinuitet i overgang mellom barnehage og skule både fagleg og sosialt
- Å bidra til at borna opplever overgangen med glede og meistring
- Å sikre informasjonsflyt mellom barnehage og skule i samarbeid med foreldre
- Å sikre møteplassar mellom tilsette for å skape felles kultur som arbeider i samsvar med intensjonar og forventningar som er omtalt

Det er viktig at barnehagen og skulen sine ulike særpreg og mandat vert oppretthaldne i dette arbeidet, samstundes som ein samarbeider om å få til ein samanheng i læringsløpet. Ein treng ikkje å vere lik for å samarbeide. Kunnskap om, og forståing for kvarandre sin likskap og særpreg er eit godt utgangspunkt for samarbeid. Å stimulere lysta for læring bør vere eit felles mål (KD, 2008).

# ÅRSHJUL FOR OVERGANG



[www.haram.kommune.no](http://www.haram.kommune.no)

## ÅRSHJUL FOR OVERGANG BARNEHAGE –SKULE

**DATO:** november 2012

**REVIDERING:** 2018

**UTARBEIDD AV:**

Styrar- Elisabeth Syversen/ styrar – Lill-Therese Eidsvik

Rektor - Kenneth Ulla/ rektor - Berit Giske

Årshjulet skal vere eit utgangspunkt for utarbeiding av ein eigen forpliktande plan for samarbeidet mellom den einskilde barnehage og skule.

**MÅL:** Legge til rette for ein god overgang barnehage – skule i tråd med nasjonale og lokale planer.

Tid	Ansvar	Aktivitet	Mål	Deltakere
Innan 15.sept.	Barnehagen v/styrar	Barnehagen og skulen møtest for å gjere avtalar om tema/aktivitetar/samarbeidsmøter for hausthalvåret for kvar einskild barnehage/skule.  Avklare rutine for samarbeid, og utveksle e-postadresser.  Samtale om forventningar skulen har til dei komande 1.klassingane. Korleis ein jobbar i skulen, og kva ein legg vekt på i arbeidet i barnehagen med utgangspunkt i utarbeidde forventningar.	Fordele ansvar for oppgåver, og sikre at felles aktivitetar er med i handlings- og verksemdplanar. Legge grunnlag for eit godt samarbeid gjennom at dei tilsette blir kjende med kvarandre og får auka kunnskap/kjennskap til innhaldet i barnehagen/skulen.	Styrar, rektor, ped.leiar, lærar for 1.trinn, evt lærar for fadderklasse
	Barnehage v/styrar	Om barnehagen har barn som skal gå i anna skulekrins enn den barnehagen høyrer til, må ein gi beskjed til skulen.		

Okt/nov	Ped.leiar	Foreldresamtale. Informere om samarbeidet med skulen, og innhente løyve til å samarbeide med skulen om barnet.	Kunne gje skulen informasjon om barnet som kan vere viktig for at barnet skal få ein god skulestart.	Ped.leiar, foreldre
	Rektor	Rektor tek kontakt med styrar for å få; <ul style="list-style-type: none"> <li>- melding om 5-åringar med særskilte behov. (Barna må vere meldt PPT før 1.nov.)</li> <li>- oversikt over kva elevar det skal søkjast særskild norskopplæring for.</li> <li>- litt info om alle barn/gruppe slik ein kan danne seg eit førebels inntrykk av gruppa som kjem. Ved enkeltbarn skal foreldra informerast om dette på førehand.</li> </ul>	Gje grunnlag for skulen sin eventuelle søknad om ressursar til spesialundervisning.  Nytte skjema for fleispråklege som utgangspunkt.  Etablere/avklare vidare samarbeid for å sikre en god overgang.	Rektor, styrar, ekstrapedagog ped.leiar
	PPT	PPT syt for at det blir kalla inn til samarbeidsmøte om alle barn med særskilte behov i kvar barnehage. Enkeltbarn kan ha bruk for eigne møte inkl. foreldre.	Som over	PPT, styrar, ekstrapedagog eller ped.leiar
Januar	Barnehagen v/styrar	Samarbeidsmøte mellom skule og barnehage om innhaldet i samarbeidet i vårhalvåret.  Evaluering av starten til dei nye 1.klassingane og samarbeidet rundt dei.	Sette opp innhald og fordele ansvar for aktiviteten i vårhalvåret.	Styrar, rektor, ped.leiar, lærar for 1.trinn , evt.lærar for fadderklasse
	Skulen v/rektor	Innskrivingsdag(ar) i veke 5, felles veke i kommunen. Felles annonse i avis/på HK si heimeside. Kontakte helsestasjonen for å fange opp barn som ikkje går i barnehagen.	Opprette kontakt med elevar og foreldre	Skuleleiinga, evt kontaktlærar
Om våren	Skulen v/rektor	Bli-kjent dag/førskule for barn (og evt foreldre). Skulen gir informasjon til barnehagen om	Barna får bli betre kjent med skulen sin.	Barn, evt foreldre, skuleleiing,

		bli-kjent dag/førskule.		kontaktlærer, SFO-tilsette
Mai	Skulen v/rektor	Møte om dei komande 1.klassingane. Formidle informasjon frå barnehagen til skulen. Bruk skjema for overføring av informasjon.	Skulen skal ha nok informasjon til å ta imot elevane på ein best mogeleg måte.	Ped.leiar, kontaktlærer,
	Skulen v/PPT	Samarbeidsmøte om barn med særskilte behov. Førebels IOP.		
	Barnehagen v/styrrar	Evalueringsmøte samarbeid barnehage skule	Evaluere for evt å kunne korrigere planar og gjere ting betre neste år	Styrrar, rektor, ped.leiar, lærer

# FORVENTNINGAR TIL INNHALD

## FOR FØRSKULEAKTIVITETAR I BARNEHAGEN



Både barnehage og skule er arena for leik og læring og har til felles at dei skal rette fokus mot likeverd og kvalitet i omsorg og læring. Barnehagen skal leggje til rette for at borna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som skal bidra til ein god overgang til skulen. Fagområda i Rammeplan for barnehagen er i stor grad samanfallande med dei faga borna møter seinare i skulen. Ved å ta utgangspunkt i desse vil ein bidra til kontinuitet og samanheng i borna sine læringsløp, i det borna får av kunnskap, opplevingar og erfaringar i barnehagen og det dei vil møte i ein skulekvardag.

**Leiken** skal ha ein sentral plass i arbeidet, og stimulere til inspirasjon, glede og meistring. Borna skal få støtte til å vere undrande og nysgjerrig til omverda, og kunne få delta aktivt i fellesskap med andre. Forventningane er i stor grad ikkje krav om meistring på områda, men at borna skal få erfaring med, oppleving av eller få prøve seg på dei omtalte områda.

**Sosial kompetanse** er grunnleggjande for all læring. Sjølvhevding, sjølvkontroll, samarbeid, empati, ansvarlegheit, leik, glede og humor vert oppfatta som sentrale byggjesteinar, og vert grunnleggjande ferdigheite for utvikling av relasjonar med andre. Sosial kompetanse er noko som lærast gjennom samhandling med andre. Det er difor ikkje konkretisert i eit eige punkt, men må vere eit gjennomgåande fokus og inngå i alle samanhengar. Borna lærer å vere i samspel med andre gjennom opplevingar, utprøvingar og erfaringar. Barnehagen og skulen bør difor ta i bruk varierte arbeidsmåtar som bidrag mot å realisere desse intensjonane. Det vil vere nyttig å variere arbeidet frå å samarbeide mellom to og to, til mindre og større grupper, og det å la borna få tid og rom til å prøve sjølv, halde ut og takle utfordringar.

På bakgrunn av Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåve (KD, 2011) og Prinsipp for opplæringa (KD, 2006), har både barnehage og skule eit ansvar for å leggje til rette for eit samarbeid i samsvar med forventningane. Desse skal skape rammer for innhald i aktivitetar både i barnehagen og skulen ved møta ein har gjennom året.

### **KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST**

- Leike med omgrep i høve innhald, form og bruk
  - Form – korleis ordet («høyrast ut»), lydar, stavingar, rim i høve omgrepet, fokusere på lyden i staden for namn på bokstav
  - Innhald – kva betyding har omgrepet – fleire betydingar – forklare
  - Bruk – bruke omgrepa i praksis, gjenforteljing, øve bruk av preposisjonar
- Få erfaring med høgtlesing (samtale om bilete, forklare omgrep, lytting)
- Øve seg på å lytte til andre
- Introdusere og bli kjent med symbol og store og små bokstavar gjennom leik. Å kunne kjenne igjen namnet sitt, og gjerne skrive det

## **KROPP, RØRSLE, HELSE OG MAT**

- Øve på personleg hygiene i høve toalett og handvask, og bli sjølvstendig i på- og avkleding og rydding
- Utvikle handkontroll i høve blyantgrep og bruk av saks – registrere dominerande hand
- Skape positiv oppfatning av seg sjølv, og leggje til rette for kjensle av mestring.

## **KUNST, KULTUR OG KREATIVITET**

- Få erfaringar med kreativ tenking og undring – fantasi og skaparglede gjennom bruk av ulike materiale og uttrykksformer
- Lære seg å ta omsyn og vere høfleg i møte med andre både i og utanfor barnehagen

## **NATUR, MILJØ, TEKNIKK**

- Gi barna tid og høve til å undre seg, eksperimentere og reflektere over handlingar, erfaringar og opplevingar
- Bruke naturen som arena for leikande førskuleaktiviteter

## **ANTALL, ROM OG FORM**

- Gi barna erfaringar med å leike og undre seg over form, farge, storleik, mengd, samanhengar og romforståing
- Introdusere og bli kjent med tallsymbol. Vere bevisst på å bruke matematiske omgrep, t.d sirkel, færre, flest, første, andre

## **ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI**

- Lære seg å ta omsyn og vere høfleg i møte med andre både i og utanfor barnehagen
- Gi tid og rom for forteljing og samtale, undring, tenking og finne løysingar
- La ulike perspektiv og mangfaldet kome fram gjennom det å lytte til andre, vente på tur, og hevde sine egne synspunkt på ein god måte
- Øve på å vere inkluderande og samarbeide med andre for å unngå krenkande åtferd, ekskludering og mobbing

## **NÆRMILJØ OG SAMFUNN**

- La barna få erfaring i korleis ein kan medverke og påverke i eit fellesskap
- Barna skal bli kjent med eigen skule og SFO gjennom besøk
- Prate og gi erfaring med kva skule er, forventningar, kva veit ein om skule, kva gjer ein på skulen

# OVERFØRING AV INFORMASJON

FRÅ BARNET OG BARNEHAGEN



Slik skriv eg namnet mitt:

Her har eg teikna meg sjølv:

Tankar eg har om å begynne på skulen (ein vaksen kan skrive her)





## OVERGANG BARNEHAGE – SKULE



Informasjonen blir fylt ut i samarbeid mellom barnehage og føresette. Skjema skal gi skulen nok informasjon til å kunne ta imot barnet på best måte. Skrivet blir gitt til skulen i mai/juni det året barnet tek til på skulen.

Namn på barnet: \_\_\_\_\_ Født: \_\_\_\_\_

### Barnet sine sterke sider og interesser

### Sosial kompetanse

### Fin- og grovmotoriske evne

### Språklege evne (kommunikasjon, uttale, omgrepsforståing o.l)

<b>Andre opplysningar</b> (t.d helse, allergjar, familietilhøve)

Samtykke til overføring av informasjon mellom barnehage og skule.

Stad.....

Dato .....

.....

.....

Underskrift føresette

Underskrift pedagogisk leiar

# Kjelder



FUB/FUG/Utdanningsforbundet : *Med spent forventning....Sjekkliste for god overgang barnehage til skole*

Kunnskapsdepartementet, 2006: *Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Prinsipper for opplæringen.* Utdanningsdirektoratet

Kunnskapsdepartementet, 2008: *Veileder: Frå eldst til yngst. Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skole.*

Kunnskapsdepartementet, 2011: *Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver*